


Bygdeutviklingsprosjektet i Instedalen

Årsrapport

Årsrapport bygdeutvikling 2011



2011

Vi fekk tilbakemelding på at vi var tatt opp i bygdeutviklingsprogrammet 2011-2014, 15.juni 2011. I 2011 har vi hatt 7 styrmøter der vi har planlagt og organisert arbeidet vidare. Har hatt eit grendamøte / feiring der vi informerte grendafolket om BU programmet og hadde offesiell opning av heimesida. Vi har hatt eit møte med Vevring grendalag der vi diskuterte erfaringar som dei gjorde seg då dei var med i bygdeutviklingsprogrammet.

Prosjektarbeid:

Heimesida: Frå oppstartsamlinga og fram til feiringa av opptaket 12.11.11 jobbar vi med og utvikle ei heimeside for Instedalen. Måle med sida var blant anna at det skulle vere enklare for grendafolket og følgje prosjektarbeidet og komme med innspel. Heimesida vart oversiktleg og god, og blir i dag mykje brukt og flittig oppdatert med informasjon om ting som skjer i dalen.

Feiring av opptaket: 12.11.11 inviterte vi grendafolket til feiring av BU opptaket og opning av heimeside. Randi Erdal stilte frå fylkesmannen og gratulerte og bygda med opptaket. Ho informerte grendafolket litt om BU programmet. Heimesida vart opna av rådmann i Naustdal kommune, Ordføraren i Naustdal hadde eit innlegg og overrekte ei pengegåve frå kommunen. Hadde idédugnad med mange gode innspel. Firda stilte og lagde repportasje frå dagen, og vi var med i fredagssendinga til NRK Sogn og Fjordane for og reklamere.

Trimrom: Vi sendte søknad datert 16.10.11 til Naustdal Kommune ang. ombyggingssløyve av skulehuset, etter litt purring har vi no fått eit positivt svar på søknaden. Vi er i eit samarbeid med entrepenør Ragnvald Espeland, der han sender formell byggesøknad i henhold til krav. Vi hadde som mål og opne trimrommet i januar 2012, men var nok vel optimistiske m.o.t. tidsbruk, har satt oss eit mål å kunne opne sommaren 2012. Vi har sendt diverse søknadar om midlar til trimrommet, og satsar på og kunne opne sommaren 2012.

Strengbru: Er eit prosjekt som kjem til og gå over fleire år. Vi har eit samarbeid med Otto Eikesund, som skal prosjektere brua. Kommunen har hatt oppmåling av brukara på begge sider, slik at vi kan teikne eksakt størrelse. Vi jobbar no vidare med teikningane.

Rasteplass: Vi har hatt førehandskonferanse med Naustdal kommune og Statens vegvesen der vi ar diskutert muligheter og utfordringar. Begge desse har vor positive til prosjektet og gitt klarsignal for vidare arbeid. Planlegger eit møte med alle grunneigarar i løpet mars. Har vore i kontakt med arkitekt for ev. utforming av skisser.

Skilting av gards og grendavegar: Har snakka med Naustdal kommune og Statens vegvesen om reglar og krav. Har sett på alternativ til skilttypar. Vi skal diskutere eit samarbeid med reiselivsprosjektet i naustedalen slik at heile dalen får lik skiltutforming. Vi håpar og alt klarlagt med reiselivsprosjektet og grunneigarar i løpet av hausten 2012.

Instiade: Instiaden vert arrangert 25.02.12 i Instedalen skianlegg. Vi har søkt om diverse midlar til arrangement kostnadar. Vi har fått Stian Grimseth til og vere speker for dagen. Har forespurt Odd-Bjørn Hjelmeset om og stå for den offesielle opninga. Har sendt ut innbyding til samtlege skular og barnehagar i Naustdal kommune og lagt ut hendinga på heimesida vår. Har oppretta ei offentleg hending på facebook, med mange positive tilbakemeldingar.

Erfaringar:

Vi er svært fornøgde med resultatet av arbeidet med heimesida som vi stort sett har stått for sjølv, vi synest heimesida vart oversiktleg og god. Har og fått mange positive tilbakemeldingar på denne.

Vi er stolte over og kunne opne Instiaden i februar 2012. Vi setter pris på eit godt samarbeid med Instedalen skianlegg BA v/ Åsmund Berthelsen og Von 4H.

I løpet av dette første året i prosjektet, har vi erfart at ein del prosessar tar lengre tid enn vi forrutsåg, til dømes søknad til Naustdal kommune om ombygging av skulehuset.

I forhold til regneskap og resursdisponering har vi ikkje hatt midlar til og disponere. Vi har hatt litt utlegg i forhold til feiringa av opptaket, men på grunn av at vi per dags dato ikkje har fått inn tildelte midlar har vi ikkje ført noko i 2011.

Beste helsing

BU styret i Instedalen